



Gloppen
kommune



VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

2026-2030

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Innleiing	Side 2
Presentasjon av Breim barnehage	Side 2
Kva er barnehage?	Side 3
Samfunnsmandat og formålsparagraf	Side 3
Pedagogisk grunnsyn	Side 4
Samordna opptak og det allmennpedagogiske tilbodet	Side 4
Barnehagen som pedagogisk verksemd	Side 5
Vaksenrolla	Side 5
Inkluderande barnehagemiljø	Side 5
Overgangar	Side 6
Samarbeid barnehage-heim	Side 7
Barnehagen som lærande organisasjon	Side 8
Observasjon og kartleggingar	Side 11

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Vigilo og heimeside	Side 11
Betre tverrfagleg innsats-BTI	Side 11
HMS	Side 14
Trygge lokalsamfunn	Side 14

Innleiing

Verksemdplanen er eit samordnande dokument som seier noko om overordna retning, rammer og system ein skal jobbe innanfor i Breim barnehage. Den er retningsgjevande for den pedagogisk verksemda i barnehagen. Årsplan vil meir i detalj beskrive korleis barnehagen jobbar med dei ulike fagområda, og pedagogisk innhald som er beskrive i rammeplan for barnehage. Barnehagen må i tillegg til lovverk og rammeplan for barnehagar, forhalde seg til dei overordna kommunale plandokumenta. Desse gjev føringar for kva ein skal prioritere, og strategiane ein i oppvekst skal følge for å nå meir langsiktige mål. Visjonen for Breim barnehage er «*Leik og læring – hand i hand*».

Overordna kommunale plandokument i Gloppen kommune finn ein på www.gloppen.kommune.no under «Kommunen sine planar og strategiar». Dei overordna målsettingane er;

- Barn skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø
- Barn skal oppleve progresjon i si utvikling og meistring
- Barn skal oppleve medverknad i tråd med alder og modning
- Barn vert sikra omsorg, leik, samt læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling
- Barn skal bli robuste til å meistre eigne liv

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Presentasjon av Breim barnehage

Breim barnehage vart oppretta i 2010, då Byrkjelo- og Teina barnehagar vart samanslått. Reed skule vart samtidig lagt ned, og lokala vart ombygd til barnehage med 5 avdelingar. Fagleg er språk og inkluderande barnehagemiljø hovudsatsingsområde. Kvar avdeling har ein pedagogisk leiar, barnehagelærar og fagarbeidar/assistent. Barnehagen har styrar og assisterande styrar. Avdelingane har eit tett samarbeid seg imellom, og barna blir kjende med kvarandre og alle vaksne i barnehagen. Det pedagogiske tilbodet skal vere kvalitativt likeverdig, men det betyr ikkje at alt er heilt likt frå avdeling til avdeling. Det pedagogiske innhaldet skal kvart år tilpassast forutsetningane og behova til barna som går der det aktuelle året, jf. rammeplan for barnehagar.

Kva er barnehage?

Historisk starta det i Norge med private barneasyl i Trondheim i 1837, influert av den tyske pedagogen Friedrich Frøbel. Det har over tid gått frå oppbevaring til pedagogikk. Barnehagane vart gradvis ein del av velferdsstaten og fekk si eiga barnehagelov i 1975. På 1990-tallet starta ei stor utbygging som førte til ein universell rett til barnehageplass frå 2009. Barnehage vart formelt sett ein del av utdanningssystemet i 2005. I dag er Norge eit av få land kor barnehage framleis er utanfor skulen sitt system, sjølv om den vert sett på som første del av utdanningssystemet. Skule er obligatorisk, medan barnehage er eit frivillig tilbod. I barnehagen er det ulike yrkesgrupper. Dei som har utdanning som barnehagelærarar har ei profesjonsutdanning. Dei har spesialiserte faglege ferdigheter i kraft av si utdanning. Dei bygger sin profesjonsutøving på felles verdiar og felles forskings- og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag. Breim barnehage er kommunal og eigd av Gloppen kommune. Kommunalsjef oppvekst representerer administrativt eigarnivå, men formelt sett er det kommunestyret/politikarane som er eigar. Endring av rammer for drift, må såleis opp til politisk behandling. I tillegg til dette finns det rolle som barnehagemynde. Den skal vere skilt frå drift og eigarrolla. Oppgåva til denne rolla er å føre tilsyn med at barnehagar følger krav i lovverk og rammeplan for barnehagar, samt gjere vedtak som gjeld spesialpedagogisk hjelp, eller kommunal tilrettelegging for barn med varig nedsett funksjonsevne.

Samfunnsmandat og formålsparagraf

I barnehagelova vert formålet med barnehage framheva. Barnehagen er ein pedagogisk institusjon, som er eit supplement til heimen. Barnehagen høyrer til under Kunnskapsdepartementet slik som skulen gjer. Samfunnsmandat er eit oppdrag frå samfunnet til barnehagen, om å utføre bestemte oppgåver som tener felleskapet. Det inneber at barnehagen ikkje berre skal ivareta individuelle behov, men også bidra til å forme og vidareføre samfunnet sine verdiar og mål. Barnehagen skal bidra til sosial utjamning ved å gje alle barn like moglegheiter til omsorg, læring og

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

deltaking. Kjernen i eit samfunnsmandat er altså at det er samfunnet som gjev oppdraget, og at barnehagen skal oppfylle dette oppdraget til samfunnet sitt beste. Barnehagen har som oppdrag å gje barn eit godt omsorgs- og læringsmiljø, som ei støtte og supplement til heimen. Formålsparagrafen tydeleggjer meir konkret samfunnsmandatet til barnehagen.

« § 1. Formål;

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

(Lov om barnehagar)

Alle handlingar og avgjersle som gjeld barn, skal ha barn sitt beste som grunnleggande omsyn

Grunnlova § 104, barnekonvensjonen art. 3 og Rammeplan for barnehagen

Pedagogisk grunnsyn

Barnehagen har eit pedagogisk grunnsyn som skal vere ein raud tråd i det pedagogiske tilbodet. Meir informasjon om dette står i årsplan.

Samordna opptak og det allmennpedagogiske tilbodet

Gloppen har samordna opptak som er felles for både private og kommunale barnehagar. Vedtekter og opptakskriterier i dei ulike barnehagane er det som styrer opptaket. Den som har lovfesta rett til barnehageplass har rett til plass i ein av barnehagane i kommunen ein bur i. Det er lovfesta

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

at kommunane må ha eit opptak i året. Barnehage er eit gruppetilbod med ei lovfesta bemanningsnorm. Barnet vert del av ei barnegruppe på 18 barn (storbarnsavdeling) eller 9 barn (småbarnsavdeling). Bemanningsnorma er ein vaksen pr 3 barn under tre år, og ein vaksen pr 6 barn over tre år. I tillegg er pedagognorma ein pedagog pr 7 eller 14 barn. Sett opp mot opningstida vil alle tilsette i grunnbemanninga vere på avdeling i underkant av tre timar pr dag. Kjernetida med tre tilsette på avdeling vil vere mellom kl 9-14.30. I denne tida skal pauser og planleggingstid/møter avviklast. Kvar pedagog har 4 timar planleggingstid i veka. Assistentar og fagarbeidarar skal ha planleggingstid, når dei har ansvar for grupper og aktivitet. Er det behov for individuell oppfølging av barn, må ein søke om individuelle ressursar knytt til barnehagelova §31 (spesialpedagogisk hjelp) eller barnehagelova §37(kommunal tilrettelegging for barn med varig nedsett funksjonsevne). Begge typar ressursar krev dokumentasjon, eller sakkunnig vurdering frå PPT.

Barnehage som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal stette dei krav og mål som ligg i barnehagelova og rammeplan for barnehagen. Alle avdelingar skal ha likeverdig kvalitet, men det er rom for fagleg skjønn og metodefrihet, jmf barnehageprofesjon. Årsplan og månadsplan vil vise til kva fagområde ein jobbar med den aktuelle perioden. Vennskap og felleskap er dei viktigaste «skapa» i barnehagen. Overordna tema for vennskap er inkluderande barnehagemiljø. For å oppleve fellesskap er språkutvikling, kommunikasjon og samspel grunnleggande viktig. Det same er dette å oppøve robusthet til å møte motstand. Det å kjenne på meistring i den vanlege kvardag, samt i overgangar. Her er samarbeid barnehage-heim grunnleggande viktig. Leiken er ein stor sosial læringsarena, og skal ha stor plass i barnehagen. Barn i førskulealder lærer ved å bruke kroppen og sansane; sjå, høyre, smake, kjenne og lukte. Dei treng førstehandserfaring og konkret læring ved å gjere, samt reflektere over det dei gjer.

Vaksenrolla

Den autoritative vaksenrolla har som kjenneteikn at den balanserer mellom å stille krav og forventningar, samtidig som den viser varme, omsorg og støtte. Den vaksne leiar ved å sette klare rammer og grenser, men innanfor eit klima av tillit og respekt. Dette er med og fremjar barn si positive sosiale og emosjonelle utvikling, sjølvstende og sjølvregulering. Dei tilsette skal jobbe etter prinsippa i Circle of security (COS). Den vaksne skal vere den trygge base som støttar, men og utfordrar barnet. Gode konkrete beskjedar er viktig. Den vaksne skal beskrive det ein vil barnet skal gjere. Ein skal «ta» barnet i å gjere noko godt, og la det få vite at ein har sett det. Det du vier merksemd får du meir av (løysingfokusert tilnærming- LØFT). Tydeleg leiing av barnegruppe, grensesetting, varme og omsorg skal prege vaksenrolla i Breim barnehage.

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Inkluderande barnehagemiljø

Alle barn i barnehagen skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Det er viktig at både tilsette og foreldre seier frå, dersom dei har uro for at barn ikkje har det trygt og godt i sitt barnehagemiljø. Det skal i barnehagen vere nulltoleranse mot krenking. Dette er heimla i lov om barnehagar § 41-43. Det er likevel ikkje slik at alle kritiske utsagn eller usemje, vert definert som krenking. Barn skal og lære å tenkje kritisk og respektere andre si meining og overbevisning. Tilsette i barnehagen har plikt til å følge med, gripe inn, varsle, undersøke og deretter sette inn tiltak/dokumentere. Sjå elles årsplan for Breim barnehage for meir utfyllande informasjon.

Interne og eksterne overgangar**Frå heim til barnehage**

Tilvenning og oppstart i barnehagen er den første overgangen for 1-åringen. Her er det oppstartsamtale og besøksdagar i forkant. Foreldre får informasjon på foreldremøte i juni. Foreldre er med dei første dagane, og tilvenning vert avtalt individuelt. Ved overgang frå småbarn til storbarn vert det delt ut ei brosjyre i januar, der informasjon om rutiner og prosessar vert gitt. Overgangar er fast punkt på foreldresamtalen. Ei veke før nytt barnehageår, følger personal frå småbarnsavdelinga barna i overgangen til storbarnsavdeling.

Avdeling Vora og Skjorta er definert som 0-2 årsavdeling. Avdeling Eggenipa og Snønipa er 3-5 års avdeling. Avdeling Dunheia er 0-5 år avdeling. Nokre år er det høge fødselskull og stor tilflytting. Andre år er det låge fødselskull og familiar flyttar. Dei åra trykket er på storbarnsplassar vert Dunheia storbarnsavdeling. Dei åra trykket er på småbarnsplassar, vil ein i større grad kunne tilby plass ved at Dunheia har ei 0-5 års organisering. Dette for å tilby flest mogleg barnehageplassar med ei organisering som ikkje berre gjev kvalitet, men og kontinuitet for barn og tilsette. Innhald og organisering skal tilpassast forutsetningane til barna som går på avdelingane dei aktuelle åra.

Frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling

I løpet av barnehagetida vil mange oppleve overgang frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling. Det vil vere overgang frå å bruke leikeområde til småbarnsavdelingane, til å bruke leikeområde til storbarnsavdelingane. Det vert større eller mindre overgangar barn skal erfare i barnehagen, fram til ein større overgang når dei skal starte på skulen. Det er viktig at både foreldre og tilsette har ro og framsnakkar overgangen barnet skal i gjennom. Det kan bidra til trygghet og forutsigbarhet for barnet i overgangen. Det er naturleg å vere spent, og kanskje til og med gruglede seg

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

litt. Overgangar er ein del av læring og danning som formålsparagrafen omtalar. Danning skjer når ein må takle med kropp og tanke, det ukjente i ein sosial setting. Robusthet til å møte det ein er usikker på vert styrka, og meistring oppstår.

Pedagogane grupperer barna etter det ein ser og vurderer i barnehagen. Alle avdelingar skal vere kvalitativt likeverdige. Metodefrihet og fagleg skjønn gjer at noko kan vere heilt likt, og noko kan vere litt ulikt. Barn møtast på tvers dagleg i utetida, i tillegg til anna felles aktivitet og høve til å gå på besøk på formiddag. Foreldre får ikkje bestemme kva avdeling barnet skal gå på. Alder, kjønn, relasjon, utvikling, gruppedynamikk og ledig plass på dei ulike avdelingane er det ein tek utgangspunkt i når grupper vert organisert. Leiargruppa i barnehagen tek avgjersla. Det er ei fagleg vurdering, der barn sitt beste skal holdast høgt. Det er ikkje eit vedtak der foreldra har klagerett, men det er styringsretten til barnehagen. Fokus er blant anna å utnytte kapasitet i barnehagen slik at flest mogleg kan få tilbod om plass.

Frå barnehage til skule

Når det gjeld overgang til skule følger dei tilsette «Plan for overgang barnehage-skule». Denne planen omfattar alle barnehagar og skular i Gloppen kommune. Det vert lagt opp til besøksdagar, og rutinar for informasjonsoverføring skal gjennomførast. Overgangen er tema på siste foreldresamtale på vårhalvåret, der samtykke vert avklart. Brosjyre om denne overgangen vert delt ut hausten før overgangen skal skje, slik at barn og foreldre har informasjon om rutinar og aktivitetar knytt til denne overgangen.

Barnehagen er elles ein arbeidsplass der både ferie og permisjonar skal avviklast. Det oppstår sjukefråvær og det kan kome nye vikarar. Dette er mindre overgangar innad i barnehagen, der barn skal bli kjende med nye vaksne og gjerne endring i dagsrytme og planar. Dei tilsette skal trygge barna, men og utfordre barna i desse endringane som oppstår langs med. Det er slik robusthet vert bygt opp. Endring og utvikling er ein naturleg del av eit barnehagemiljø. Det vil vere ein viss rotasjon på kven som jobbar på dei ulike avdelingane frå år til år. Det vil innimellom vere samarbeid mellom avdelingane. Dette handlar blant anna om kompetansemobilisering, der ein disponerer rett kompetanse på rett plass. Tilsetting og kven som jobbar på kva avdeling høyrer til arbeidsgjevaransvaret, og er ikkje noko foreldregruppa får medverke på. Her er det prosessar med tillitsvalde med fleire, som skal sikre at lover og retningslinjer vert følgt.

Samarbeid barnehage-heim

For å sikre samarbeid med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jmf Barnehagelova §4.

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Rammeplanen framhevar at foreldre og barn skal medverke. Medverke betyr at ein skal få høve til å seie si meining i saker som foreldre skal medverke i. Barn skal medverke i tråd med alder og modning. Foreldremøte og foreldresamtale er gode arenaer for samarbeid og medverknad.

Individuelt foreldresamarbeid:

Gjeld det ein ynskjer å ta opp eige barn eller familie? Då er foreldresamtalen rette arena å ta det opp.

Foreldreråd og Samarbeidsutval:

Gjeld tema foreldregruppa? Då er foreldreråd/samarbeidsutval rette arena å ta opp tema eller sak. Foreldrerepresentantane skal løfte inn saker som gjeld foreldregruppa frå foreldreråd til samarbeidsutvalet, og omvendt. Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen (ei stemme for kvart barn). Foreldrerepresentantane leiar foreldrerådet.


Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgejvande, kontaktskapande og samordnande organ. Foreldre og tilsette skal vere likt representert i utvalet. I tillegg sit politisk representant som eigar, og styrar som sekretær for utvalet. Samarbeidsutvala i dei kommunale barnehagane har utarbeidd nokre «køyrereglar» for samarbeid barnehage-heim. Desse les du på heimesida eller i årsplan til Breim barnehage. Det er ei klar forventning om at ein snakkar med kvarandre, og ikkje om kvarandre. Felles mål er barn og barnegruppe sitt beste. For å lukkast her må samarbeidet barnehage-heim vere prega av gjensidig tillit og respekt. Barnehagen har ei stor foreldregruppe, mange tilsette og endringar vil oppstå. Det er naturleg at ein har ulike meiningar om desse endringane, og til og med kan vere uenig i noko. Utan ulike meiningar og perspektiv, så skjer det heller ikkje endring og utvikling. Det den barnehageprofesjonelle ser og vurderer, kan vere ulikt det enkeltforelder ser og meiner. Barnehagearenaen kan vere ulike fritidsarenaen. Kva gjer du når du vert trigga av endringar i barnehagen? Eller må forholde deg til nokon som er trigga? Kokar det over, det vert himla med auger og praten går i barselgruppe, eller på parkeringsplassen etter møte? Barnehagemiljøet skal vere trygt for barna. Arbeidsmiljøet skal vere trygt for dei tilsette. Krenkande adferd som t.d. baksnakking kan gjere eit miljø utrygt. Barn sensar atmosfære, sjølv om dei ikkje forstår alt som vert sagt. Er den vaksne trigga og negativ, smittar det over på barn. Barn reagerer ikkje alltid med ord, men ofte med adferd. Kommunikasjon er noko av det viktigaste vi gjer, men det kan og vere utfordrande. Dialogtrappa skal personalet jobbe etter, og kan vere eit godt verktøy i høve kommunikasjon i samarbeid barnehage-heim.

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

*Dialogtrappa***Barnehagen som lærande organisasjon**

Styrar og pedagogiske leiarar skal leie utviklings- og endringsarbeid i Breim barnehage. For å styrke barnehagen som ein lærande organisasjon, er ein avhengig av at alle er med i utviklings- og endringsarbeidet. I tillegg til å nytte resultatleining som er eit verktøy der ein definerer beste praksis personalet skal jobbe etter, så nyttar barnehagen DUEN-modellen når ein jobbar med faglege endringsprosessar. For å bli ein lærande organisasjon må ein forstå kva læring er. Læring vert definert som en prosess der menneske og organisasjonar tileignar seg ny kunnskap, og endrar sin adferd på grunnlag av denne kunnskapen (Jacobsen og Thorsvik, 2013). Lærande møter der begrep vert pakka ut og ein legg til rette for refleksjon, er grunnleggande viktig for læring og utvikling. Dette inneber at vi i Breim barnehage har fokus på lærande felleskap der personalet er med å diskuterer, tenker nytt og endrar praksis med mål om betre kvalitet. Tydeleg leining av desse prosessane skal vektleggast.

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE



DUEN-modellen

Forsking tilseier at implementering av endrings- og utviklingsarbeid tek 3-5 år. Tydeleg leiing over tid og det å følgje dei systematisk stega i prosessen vert grunnleggande viktig. Det å sikre tid til å gå i djupna på eit område, fordrar leiarar som prioriterer tydeleg kva som er viktigast å holde fokus på over tid. I det ligg at ein må våge å velje vekk noko, blant alle trendar som bles innover barnehagefeltet.

Samarbeidskultur og eit godt psykososialt arbeidsmiljø er viktig for å rekruttere og beholde tilsette. Dei tilsette er den viktigaste enkeltfaktoren for kvalitet i barnehagen. Nyutdanna barnehagelærarar deltek i rettleiing dei to første åra etter endt utdanning. Kvar enkelt tilsett har ansvar for å bidra positivt inn i arbeidsmiljøet. Fokus i Gloppen er arbeidskultur og medarbeidarskap. Medarbeidarskap er summen av korleis kvar og ein av oss forhold oss, på ein ansvarleg og profesjonell måte, til arbeidsoppgåvene, arbeidskollegaene og arbeidsgjevar/leiar. Breim barnehage jobbar i dette kulturarbeidet med 10-faktor (medarbeidarundersøking), kompetanseheving og kulturkryss.

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Observasjon og kartleggingar

For å tilpasse det pedagogiske tilbodet dei barna som går på avdelinga det aktuelle året, må dei tilsette ha oversikt over kvar barnet er i si utvikling. Observasjonar i kvardagen gjev noko informasjon. Sosiogram vert nytta kvart år for å kartlegge relasjonar og gruppedynamikk. Oversikt over den språklege utviklinga med meir, får ein ved å kartlegge ved bruk av TRAS. Dette er fast system på at det vert gjort når barnet er 3 år. Er det uro for utviklinga til eit barn gjer ein kartlegging fleire gongar, for å vurdere progresjon i utvikling. Andre kartleggingar hentar ein inn samtykke frå føresette før ein gjennomfører.

Vigilo og heimeside

Breim barnehage har heimeside på www.gloppen.kommune.no. Her finn ein kontaktinformasjon, informasjon om betre tverrfagleg innsats, inkluderande barnehagemiljø, samarbeidsutval, siste nytt frå barnehagen, generell informasjon om barnehagen, samt felles informasjon for kommunale barnehagar. Under sistnemnt ligg informasjon om vedtekter, barnehageruta, foreldrebetaling og søknad om plass med meir.

Vigilo er eit digitalt system for kommunikasjon og administrasjon i norske barnehagar og skular. Gloppen kommune nyttar dette systemet, og foreldre nyttar foreldreportal der dei kan sende meldingar, søke om eller endre barnehageplass, og eventuelt seie den opp. Det er kun foreldre med registrert foreldreansvar i Folkeregisteret som får tilgang til informasjon om egne barn i Vigilo foreldreportal/app. Hovudregelen er at foreldre med foreldreansvar har krav på same informasjon frå barnehagen om sitt barn. Meir informasjon om Vigilo finn du på heimesida til Breim barnehage.

Betre tverrfagleg samarbeid-BTI


Gloppen kommune skal være ein trygg og god kommune å vekse opp i. Likevel kan det oppstå utfordringar og vanskar som gjer at alle ikkje har det så bra. Det kan oppstå livssituasjonar der barn t.d. vert pårørande, opplever samlivsbrudd med konflikt mellom foreldre, eller at det kan vere økonomiske bekymringar som påverkar kvardagen. Det kan vere situasjonar i miljøet rundt som påverkar barn, eller det kan vere snakk om ibuande vanskar i barnet sjølv. Barn forstår ikkje alt, har ikkje språk til å sette ord på alt og då reagerer dei ved å endre adferd. Kva er det som ligg bak den endra adferden? Kva prøvar barnet å sende signal til oss vaksne om? Då er det viktig å vite korleis vi saman skal gå fram for å hjelpe. Dei tilsette i Gloppen kommune jobbar etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats).

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

BTI-modellen har tre hovudmål:

- Tidleg innsats
- Samordna tenester utan oppfølgingsbrot
- Tidleg foreldreinvolvering

BTI er eit handlingsløp gjennom fire nivå. Nivå 0-1 er tidleg innsats, der ein set inn tiltak i det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen. Nivå 2-3 er det behov for eit tverrfagleg samarbeid med andre. Målet for alle nivå er å fremje positiv utvikling. Tidleg foreldreinvolvering, og det å høyre barn si stemme, er viktig for å treffe med rett tiltak og oppfølging.



VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

HMS

Internkontroll, rutinar og prosedyrar knytt til HMS ligg i det kommunale systemet Compilo. Her er også det digitale avvikssystemet, samt rutine for varsling. Alle tilsette har ei plikt til å melde frå. Rutine for oppfølging av sjukmelde, tilrettelegging og Dialogmøte 0 ligg også i Compilo. Når det gjeld sjukefråvær er målet 6%.

Trygge lokalsamfunn

Gloppen er del av trygge lokalsamfunn. Barnehagen er sertifisert som trafikksikker barnehage. Som del av dette har vi utarbeida retningslinjer for ferdsel i trafikken. Tarkus vert nytta som pedagogisk opplegg i barnegruppene. Barnehagen deltek i Av- og til kampanjen, der fokus er bevissthet kring bruk av alkohol saman med barn. Formålet er å skape ein betre forståelse av korleis alkoholbruk påverkar barn og unge, også når bruken ikkje er dramatisk eller synlig. Statistikk viser at ca 90 000 barn i Norge, veks opp i heimar der mamma eller pappa drikk for mykje alkohol. Barndomen kjem ikkje i reprise, så det er viktig å ta bevisste val kring dette med bruk av alkohol saman med barn. Barnehagen støttar opp om verdensdagen for psykisk helse som er kvart år i oktober. Det vert då sett fokus på at alle har ei psykisk helse, og ikkje minst at alle kan gjere litt for å inkludere, snakke med og ikkje minst sjå kvarandre. Barnehagen skal ha fokus på berekraft. Breim barnehage er sertifisert som Miljøfyrtårn.

VERKSEMDPLAN BREIM BARNEHAGE

Kjelde:

- <https://gloppen.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/regelverk-planar-og-rutinar/>
- <https://gloppen.kommune.no/tenester/familie-barn-og-ungdom/er-du-uroa-for-eit-barn-bti/>
- <https://gloppen.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/barnehagar-i-gloppen/breim-barnehage/samarbeidsutval-su/>
- <https://www.tryggtrafikk.no/trafikksikker-kommune/kriterier-og-veileder/for-barnehagene-i-kommunen/>
- <https://www.miljofyrtn.no/>
- <https://avogtil.no/>
- *Rammeplan for barnehagar. Utdanningsdirektoratet. 2017.*
- *Lov om barnehagar*
- *Barnekonvensjonen*
- *Grunnlov*
- *V. Mostad/T. Skandsen/J.I. Wærness/ Y. Lindvig; «Entusiasme for endring i barnehagen». Gyldendal. 2021.*
- *D.I Jacobsen/J. Thorsvik; «Hvordan organisasjoner fungerer». 2025.*